



# **Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp**

**I TYSNES KOMMUNE**





# INNHALD

<b>1. INNLEIING</b>	5
<b>2. GRUNNLAGET FOR LÆRING: EIT TRYGT OG GODT KLASSEMILJØ I TRÅD MED OPPLÆRINGSLOVA §9A</b>	7
Eit trygt og godt klassemiljø som fremjar læring	7
Positive relasjonar mellom lærar og elev er hjørnesteinen i god klasseleiing	7
Lenkjer og framlegg til litteratur om emnet:	8
Oversikt over undervegsvurdering og kartlegging	9
<b>3. UNDERVEGSVURDERING OG KARTLEGGING SOM UTGANGSPUNKT FOR TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING</b>	10
Kvifor vurdering og kartlegging?	10
Retningslinjer for undervegsvurdering og kartlegging	11
Kartlegging og undervegsvurdering:	12
Idèbank	13
Oversikt over tilpassa opplæring	14
<b>4. TILPASSA OPPLÆRING</b>	15
Lovgrunnlaget	15
Definisjon	15
Tilpassa opplæring og meistring	15
Tre overordna prinsipp for all opplæring – også for tilpassa opplæring!	16
To perspektiv på tilpassa opplæring	16
Tilpassa opplæring på skulenivå	16
Tilpassa opplæring på klassenivå	17
Tilpassa opplæring på individnivå	18
Ein teoretisk innfallsvinkel mot tilpassa opplæring	19
Les meir om tilpassa opplæring	20
Kva er skilnaden mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning?	20
Oversikt over spesialundervisning	22
<b>5. SPESIALUNDERVISNING</b>	24
Definisjon	24
Lovgrunnlaget	24
Om spesialundervisning	24
Framgangsmåte ved mistanke om at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbyte av undervisninga	25
Innhaldet i sakkunnig vurdering frå PPT	26

# INNHALD

Om enkeltvedtaket	27
Om Individuell Opplæringsplan (IOP)	28
Rutinar for utarbeiding av IOP-ar	28
Vurdering	29
Gjennomføring av spesialundervisninga	31
Prosedyrar ved overgangar	32
Samarbeid med andre	33
Les meir om spesialundervisning	33
<b>6. GRUNNLAGET FOR LÆRING I BARNEHAGEN</b>	35
Barnehagen sitt formål	35
Gode relasjonar mellom barn og vaksne	35
<b>7. OBSERVASJON OG KARTLEGGING SOM UTGANGSPUNKT FOR UTVIKLING OG LÆRING</b>	36
Kvifor observasjon og kartlegging?	36
Kartleggingsverktøy som skal nyttast i barnehagen	36
Oppbevaring av kartleggingar og observasjonar	37
Skjema for kartlegging som må være i barnehagen	37
<b>8. TILPASSA OPPLÆRING</b>	38
Lovgrunnlaget	38
Kva er tilpassa opplæring?	38
Dei evnerike barna	39
Tilpassa opplæring i praksis	40
<b>9. SPESIALPEDAGOGISK HJELP</b>	42
Opplæringslova § 5-7	42
Sakkunnig vurdering	42
Innhaldet i den spesialpedagogiske hjelpa	43
Bruk av assistent	43
Reglar for spesialpedagogisk hjelp	43
Framgangsmåte i ei sak om spesialpedagogisk hjelp	44



# 1. INNLEIING

Skulane våre skal ha «rom for alle og blick for den einskilde». I Pedagogisk plattform for skulane i Tysnes kommune, heiter det i punkt 1: Tilpassa opplæring i eit trygt, tolerant og godt miljø som fremjar trivsel, mangfald og personleg utvikling hos elevane.

Uansett skule og klassetrinn må vi ha stort fokus på at den tilpassa opplæringa skjer i den vanlege undervisninga, i klasserommet, kvar dag.

Tilpassa opplæring er eit gjennomgåande prinsipp i heile opplæringa. Kravet om at opplæringa skal vera tilpassa eleven sine evner og føresetnadar, er nedfelt i opplæringslova.

Spesialundervisning må sjåast som ein del av arbeidet med å gje alle elevar likeverdig og tilpassa opplæring. Dei elevane som ikkje har tilfredsstillande utbyte av den ordinære undervisninga, har rett til spesialundervisning.

Skulane i Tysnes har til dels hatt ulike system for kartlegging og ulike rutinar knytt til vedtak om spesialundervisning. Denne planen gjev eit oversyn og retningslinjer for kartlegging og undervegs- vurdering for alle klassetrinna. Den viser og kven som er ansvarleg for utføringa av dei ulike oppgåvene og er forpliktande for det pedagogiske personale, skuleleiarar og skuleeigar. Plan for spesialundervisning og tilpassa opplæring skal gåast igjennom i dei einskilde personala kvart år ved skulestart.

I tillegg til planen er det laga ei mappe med ulike skjema som skal nyttast i dette arbeidet, døme på arbeidsplanar m.m.

Vi har og teke med barnehagane i denne planen. Barnehagane driv ikkje opplæring, ein ser her på utviklinga til det einskilde barn. Med fokus på «Tidleg innsats» og felles retningslinjer for einingane, er det viktig at rutinar og korleis ein skal jobba med dette i barnehagen, vert nemnt.

Planen viser til lenkjer og litteraturlister, her er mykje god lesnad.

*Oppvekstsjef Aud Kaldefoss*

**1. Bakgrunn for planen:** Denne planen er utvikla med bakgrunn i eit langvarig opplevd behov for eit felles forpliktande kommunalt verktøy for tilpassa opplæring og spesialpedagogisk arbeid. Planen er ført i pennen av ei gruppe pedagogar og spesialpedagogar skuleåret 13/14. Leiargruppa i oppvekstetaten har saman med representant for PPT vore styringsgruppe for arbeidet. Planen har og vore ute til høyring i dei einskilde personalgruppene før endelig ferdigstilling.

**2. Planen er godkjent** med vedtak i Tysnes kommunestyre 13. mai 2014.

**3. Planen skal evaluerast** av oppvekstetaten si leiargruppe årleg med omsyn til ev. endringar i lovar og forskrifter innan verkeområdet.





## 2. GRUNNLAGET FOR LÆRING: EIT TRYGT OG GODT KLASSEMILJØ I TRÅD MED OPPLÆRINGSLOVA §9A

### EIT TRYGT OG GODT KLASSEMILJØ SOM FREMJAR LÆRING

#### Opplæringslova §9a -I. slår fast at:

##### § 9a-I. Generelle krav

*Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.*

Samanhengen mellom faglege prestasjonar og læringsmiljøet er godt dokumentert. Skulekulturen, relasjonane mellom elevar og mellom elevar og lærarar, samt det pedagogiske arbeidet, påverkar

kvarandre gjensidig.

Tryggleik og trivnad i klassen er viktig for å skapa eit godt læringsmiljø som utgangspunkt for motivasjon og læring, og god klasseleiing er avgjerande for å få dette til.

I følge den kommunale planen for SOFYKOS, skal elevane ha opplæring i sosial kompetanse ein time i veka. Dette er eit forpliktande og viktig tiltak i arbeidet med klassemiljøet.

### POSITIVE RELASJONAR MELLOM LÆRAR OG ELEV ER HJØRNESTEINEN I GOD KLASSELEIING

Det er i relasjonen eller samspelet med læraren at motivasjon for læring blir skapt. Positive relasjonar byggjer på læraren sin vilje til å bry seg om alle elevane, visa interesse for den enkelte, vera støttande og ha forventningar om fagleg utvikling. Dette er særskild viktig for elevar som av ulike grunnar strevar på skulen.

Ein støttande lærar viser både emosjonell og fagleg støtte. Emosjonell støtte er knytt til den sosiale situasjonen, medan fagleg støtte handlar om motivasjon, meistring og læring, prega av varme og interesse. Eleven må kjenna til læraren sine forventningar, og samarbeidet må vera prega av gjensidig respekt og tillit. Læraren må vera tydeleg og ha kontroll, samstundes som dei skal vera støttande og empatiske.

Vi kallar dette for relasjonsorientert klasseleiing, og det handlar om å leia ein klasse på ein måte som gjer at kvar enkelt elev opplever å ha gode relasjonar til læraren prega av forståing, respekt og tillit. Relasjonsorientert klasseleiing er kanskje det viktigaste elementet i arbeidet med å skapa eit godt læringsmiljø. I boka «Elevanes læringsmiljø – lærerens muligheter»,

finn vi ei praktisk «verktøykasse» som kan nyttast i arbeidet med å skapa eit godt læringsmiljø. I verktøykassa finn vi følgjande «verktøy» med forklaring:

- Positiv kommunikasjon
- Å etablera reglar og rutinar
- Organisering av undervisningsrommet
- Gode beskjedar
- Motivasjon – om bruk av positiv merksemd
- Elevsamtalen
- Kva gjer vi når elevar tar dårlege val?
- Samarbeid med heimen

Erfaringar viser at dersom ein lærar arbeider systematisk med relasjonsorientert klasseleiing, vil resultatet bli godt. Dersom lærarteamet går saman om arbeidet, vil resultatet bli betre. Men dersom skuleleiinga tar initiativet til at heile skulen skal delta i eit systematisk arbeid, vil resultatet bli aller best.

## LENKJER OG FRAMLEGG TIL LITTERATUR OM EMNET:

Inger Bergkastet, Lasse Dahl og Kjetil Andreas Hansen:  
« Elevenes læringsmiljø – lærerens muligheter: En praktisk håndbok i relasjonsorientert klasseledelse» Universitetsforlaget

Terje Ogden: «Sosial kompetanse og problematferd i skolen» Gyldendal (Kapitel 5: Undervisnings- og læringsledelse)

Astrid Slåttøy: «Problematferd i klasserommet» en lærerveiledning Cappelen akademisk forlag

Udir.no : Om klasseleing og støttande relasjonar:

<http://www.udir.no/Laringsmiljo/Bedre-laringsmiljo/Klasseledelse/Sider/Klasseledelse/>

Kunnskapsdepartementet: Læringsmiljø og klasseleing:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2010-2011/meld-st-22-2010--2011/7.html?id=641313>



Syta for ein god ressursituasjon i skulane	Oppl. lova §8-2			
Sjå til at gruppestorleiken er forsvarleg saman med skuleleiarar og PPT	Oppl. lova § 8-2			
Kompetanseheving av dei tilsette	Oppl. lova §10-8	3B-2		
Ansvar for at alle gjennomfører obligatoriske kartleggingsprøver frå Udir, Elevundersøkinga og Nasjonale Prøver	Forskrift til oppl. lova §2-4			1310.no
Evaluera resultatane frå kartleggings- og vurderingsarbeidet	Forskrift til oppl. lova §2-1			
<b>Skuleleiar sitt ansvar:</b>				
Sjå til at gruppestorleiken er pedagogisk forsvarleg med tanke på vurdering og kartlegging, saman med skuleleiar og PPT	Oppl. lova §8-2			
Leggja til rette for gjennomføring, vurdering og kartlegging: informasjon og materiell	Forskrift til oppl. lova kap. 3 Udir- 1-2010 Individuell vurdering			
Sjå til at alle gjennomfører vurdering og kartlegging		3B-2		1310.no
Organisera trygg oppbevaring av resultatane frå vurdering og kartlegging		3B-2		
Evaluera resultatane og rapportera til skuleleiar	Forskrift til oppl. lova §2-1	3B-2		1310.no
<b>Lærarane sitt ansvar:</b>				
Vurdera og kartlegga elevane ut frå gjeldande lovverk, i tråd med vurderingsoversikta	Forskrift til oppl. lova kap. 3 Udir- 1-2010: Individuell vurdering	3B-1 3B-3		
Bruka godkjende skjema i vurderingsarbeidet		3B-2	Sjå vedlagte skjema!	
Lagra resultatane i tråd med retningslinjene		3B-2		
Følgja opp resultatane				
Informera elevar, føresette og leiinga ved skulen om resultatane		3B-2		
Halda seg oppdatert på området vurdering				Trude Slemmen: Vurdering for læring i klasserommet



# 3: UNDERVEGSVURDERING OG KARTLEGGING SOM UTGANGSPUNKT FOR TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIALUNDERVISNING

## KVIFOR VURDERING OG KARTLEGGING?

Alle elevar har rett på ei undervisning som er tilpassa deira evner og føresetnader. Tilpassa opplæring er eit verkemiddel for læring som inneber at elevane skal møte realistiske utfordringar og krav i faga, som dei kan meistra

åleine eller saman med andre.

Sentralt i arbeidet med tilpassa opplæring står undervegsvurdering og kartlegging.

### Frå Forskrift til Opplæringslova:

#### § 3-2. Formålet med vurdering

*Formålet med vurdering i fag er å fremje læring undervegs og uttrykkje kompetansen til eleven, lærlingen og lærekandidaten undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faget. Vurderinga skal gi god tilbakemelding og rettleiing til elevane, lærlingane og lærekandidatane.*

*Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen eller lærekandidaten aukar kompetansen sin i fag.*

Undervegsvurderinga skal ha læring og utvikling som mål. Dette inneber at ho skal gje elevane informasjon som dei kan nytta i eige læringsarbeid. Elevane har krav på systematiske vurderingar av utviklinga, og vurderingane er eit grunnlag for å tilpassa opplæringa. Dette inneber at elevane har krav på å få vita kva dei meistrar og kva dei må gjera for å auka kompetansen sin.

I Udir sitt grunnlagsdokument for satsinga «Vurdering for læring 2010-14» kan vi lesa følgjande:

*Elever og lærlinger lærer best når de*

- *forstår hva de skal lære og hva som er forventet av dem*
- *får tilbakemeldinger som forteller dem om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen*
- *får råd om hvordan de kan forbedre seg*
- *er involvert i eget læringsarbeid ved blant annet å vurdere eget arbeid og utvikling*

Kartlegging er ein del av undervegsvurderinga.

Føremålet med kartleggingsprøvar er å sjekka om det er elevar som treng ekstra oppfølging og hjelp i einskilde fag. Gode kartleggingsprøvar saman med ei god undervegsvurdering gir læraren er eit godt grunnlag for tilrettelegging av undervisninga.

Døme på obligatoriske kartleggingsprøvar er Nasjonale Prøver og Kartleggingsprøvene i 1.-4. klasse frå Udir.

Tysnes kommune har satsingsområda:

- Vurdering utan karakter (VUK)
- Systematisk observasjon av lesing (SOL)
- Mappevurdering

## RETNINGSLINER FOR UNDERVEGSVURDERING OG KARTLEGGING

- Oversikta over vurdering og kartlegging er forpliktande for alle som arbeider i Tysnesskulane. (3A)
  - Leiinga må informera og gjera planen kjend kvar haust
  - Sikra gjennomføring ved hjelp av I310.no
- Alt arbeid med vurdering og kartlegging skal vera i tråd med gjeldande lover og føresegner.
  - I utgangspunktet skal alle elevar delta i kartleggingar og vurderingar.  
Sjå lenkjer til lovverket under.
  - Nytt godkjende skjema til bruk ved utviklingssamtalar og elevsamtalar. (Sjå vedlegg)
- Resultata frå vurdering og kartlegging må oppbevarast på ein korrekt og trygg måte i tråd med gjeldande lover og reglar
  - Kartleggingsresultat skal lagrast i det verktøyet skuleeigar har bestemt og i elevmappene i låst arkivskap
  - Resultat frå individuell undervegsvurdering skal lagrast i elevmappene i låst arkivskap
- Resultata må rapporterast til leiinga.
  - Gjeld som informasjon
  - Gjeld som dokumentasjon
- Resultata frå vurdering og kartlegging må følgjast opp.
  - Læraren må leggja til rette undervisninga ut frå resultata.
  - Storleiken på klassane må vera pedagogisk forsvarleg, slik at det er mogleg å driva med tilpassa opplæring.
  - Det må finnast ekstra ressursar for elevar med trong for meir tilpassing i ein periode. (t.d. Flytressurs)
  - Skulen må ha eit utval ekstra læremidlar og konkretiseringsmaterieil til bruk i arbeidet, t.d. letles-utgåver og lydbøker.
- God informasjonsflyt til nye lærarar og mellom skuleslag/skular.
  - Rutinane i vedtekne «Overgangsplanar» må overhaldast.
  - Nye lærarar må få god informasjon om dei einskilde elevane. Pedagogisk rapport frå PPT og Sluttrapport (Uggdal skule) er gode verktøy.
- Kartleggingstestane må vera lett tilgjengelege og enkle å ta i bruk.
  - Dei bør finnast på kvar skule.
  - Dei bør kunna lagrast i eit godkjent lagringsverktøy.
  - Dei bør kjøpast inn på kommunelisens.
  - Det bør finnast ekstra ressursar til gjennomføring av SOL på kvar skule.
- Det er trong for ei kompetanseheving på området undervegsvurdering og kartlegging.
  - Eigenutvikling
  - Kurs

Lenkjer:

Forskrift til Opplæringslova, kapitel 3: Individuell vurdering i grunnskulen og i vidaregåande opplæring:

<http://lovdata.no/for/sf/kd/xd-20060623-0724.html>

<http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/20101/Udir-1-2010-Individuell-vurdering/>

Litteratur: Trude Slemmen: «Vurdering for læring i klasserommet»



## KARTLEGGING OG UNDERVEGSVURDERING:

Tid	1. klasse
Haust	SOL
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Okt.	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny
Mars	IOP: Vurdering og ev. justering
April	Kartleggingsprøve i talforståing og reknedugleik (friviljug)(Udir)
April	Kartleggingsprøve i lesing (Udir)
Juni	Årsrapport for elevar med IOP
2. klasse	
Haust	SOL
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Okt.	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny
Mars	IOP: Vurdering og ev. justering
April	Kartleggingsprøve i talforståing og reknedugleik (Udir)
April	Kartleggingsprøve i lesing (Udir)
Juni	Årsrapport for elevar med IOP
3. klasse	
Haust	SOL
Jan./Feb.	Kartleggingsprøve i Engelsk (friviljug) (Udir)
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Oktober	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny IOP
Mars	IOP: Vurdering og ev. justering av IOP
April	Kartleggingsprøve i lesing (Udir)
April	Kartleggingsprøve i talforståing og reknedugleik (friviljug) (Udir)
Juni	Årsrapport for elevar med IOP
4. klasse	
Haust	SOL
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Oktober	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny IOP
Mars	IOP: Vurdering og ev. justering av IOP
Mars/april	Kartleggingsprøve i digital dugleik (friviljug) (Udir)
Juni	Årsrapport for elevar med IOP
5. klasse	
Sept./okt.	Nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Oktober	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny IOP
Desember	Elevundersøkinga

Mars	IOP: Vurdering og ev. justering av IOP
Vår	SOL
Okt.	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny
Juni	Årsrapport for elevar med IOP
6. klasse	
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Oktober	ÅrIOP: Vurdering og utarbeiding av ny IOP
Desember	Elevundersøkinga
Mars	IOP: Vurdering og ev. justering av IOP
Vår	SOL
Juni	Årsrapport for elevar med IOP
7. klasse	
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Oktober	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny IOP
Desember	Elevundersøkinga
Mars	IOP: Vurdering og ev. justering av IOP
Vår	SOL
Juni	Årsrapport for elevar med IOP
8. klasse	
Sept./okt.	Nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Oktober	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny IOP
Desember	Elevundersøkinga
Mars	IOP: Vurdering og ev. justering av IOP
Vår	SOL
Juni	Årsrapport for elevar med IOP
9. klasse	
Sept./okt.	Nasjonale prøver i lesing og rekning
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Oktober	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny
Desember	Elevundersøkinga
Vår	SOL
Mars	IOP: Vurdering og ev. justering
Juni	Årsrapport for elevar med IOP
10. klasse	
Haust	SOL
Okt./mars	Elevsamtale og Utviklingssamtale
Oktober	IOP: Vurdering og utarbeiding av ny IOP
Desember	Elevundersøkinga
Mars	IOP: Vurdering
Juni	Årsrapport for elevar med IOP




## IDÈBANK

- Arbeidsplan med mål og eigenvurdering
- Aski Raski , eit databasert lesetreningsprogram
- Carl Thomas Carlsten: Norsk rettskrivings- og leseprøve for grunnskulen
- Setningsleseprøven Logometrica AS
- Ordkjedetesten Logometrica AS
- Leselos [www.lesesenteret.no](http://www.lesesenteret.no)
- Kartleggingsprøver i matematikk [www.skoletjenester.no](http://www.skoletjenester.no)
- Alle teller [www.matematikkcenteret.no](http://www.matematikkcenteret.no)

Akademika: Snorre Ostad: Strategier, strategi-observasjoner og strategiopplæring med fokus på elever med matematikkvanser

Ressurshefte som høyrer til  
Akademika: Snorre Ostad: Basiskunnskaper i matematikk, A-C er kartleggingsprøver for 2.-8. klasse



## OVERSIKT OVER TILPASSA OPPLÆRING

Skuleeigar sitt ansvar:	Lovgrunnlaget:	Sjå punkt:	Skjema:	Litteratur mm:
Syta for ein god ressursituasjon i skulane, NB! Midlar til «Tidleg innsats»	Oppl. lova §8-2 §1-3	4B-1		Bjørnsrud og Nilsen: Tidlig innsats
Sjå til at gruppestorleiken er forsvarleg saman med skuleleiarar og PPT	Oppl. lova § 8-2			
Kompetanseheving av dei tilsette	Oppl. lova §10-8			
Arbeida for gode fysiske rammer i skulane	Forskrifta om miljøretta helsevern			
<b>Skuleleiar sitt ansvar:</b>				
Sjå til at gruppestorleiken er pedagogisk forsvarleg med tanke på tilpassa opplæring, saman med skuleeigar og PPT	Oppl. lova §8-2	4B-6		
Leggja til rette for gjennomføring av tilpassa opplæring, materiell, utstyr og læremidlar	Oppl. lova § 9-3			
Sjå til at alle gjennomfører tilpassa opplæring i klassane	Oppl. lova §1-3 Kunnskapsløftet: Læringsplakaten	4B-1		
Skuleleiinga har eit ansvar for å gå føre og skapa eit kollektivt fokus på tilpassa opplæring.		4B-6		
Leggja til rette for samarbeid om tilpassa opplæring		4B-6		
Syta for gode fysiske rammer som lettar arbeidet med tilpassa opplæring	Forskrift om miljøretta helsevern	4B-6		
Prioritera kompetanseheving av dei tilsette	Oppl. lova § 10-8	4B-6		
<b>Lærarane sitt ansvar:</b>				
Gjennomføra tilpassa opplæring i klassane med vekt på det vide perspektivet	Oppl. lova §1-3 Kunnskapsløftet: Læringsplakaten	4B-1 4B-5		Repstad og Tallaksen: Variert undervisning
Delta i samarbeid om tilpassa opplæring		4B-7		Ekeberg og Holmberg: Tilpasset opplæring og spesialped. arbeid i skolen
Gjera seg kjende med relevant utstyr og læremidlar til bruk ved tilpassa opplæring		4B-7		
Nytta ulike skjema til hjelp i arbeidet: Mal for årsplanar m/grunnl. dugleikar Arbeidsplan for elevane Skjema for elevsamtalar Skjema for utviklingssamtale m/tiltak Tiltaksplan (for dokumentasjon i enkelte tilfelle) Skjema for pedagogisk rapport Skjema for møtereferat		4B-8	Sjå vedlagte skjema	

# 4: TILPASSA OPPLÆRING

## LOVGRUNNLAGET:

### Opplæringslova § 1-3:

#### Tilpassa opplæring og tidleg innsats

- "Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lærekandidaten"

Læringsplakaten LK-06:

- **Læringsplakaten:** "fremme tilpasset opplæring og varierte arbeidsmåter," og at den skal "gi alle elever

## DEFINISJON:

- **"Tilpasset opplæring** er tilrettelegging for læring der eleven, ut fra evner og forutsetninger, søker utfordringer og utvikler seg faglig, sosialt, fysisk og personlig.
- **Tilpasset opplæring** bygger på kunnskap om og forståelse av elevens læreforutsetninger. Læringen foregår i området mellom det eleven kan og det eleven står for tur til å kunne" (Strandkleiv og Lindbäck 2005)

## TILPASSA OPPLÆRING OG MEISTRING

Opplæringslova slår fast at alle elevar har rett på tilpassa opplæring. Tilpassa opplæring er difor eit sentralt prinsipp som ikkje er eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for læring.

Likevel: Målet med tilpassa opplæring er at elevane skal oppleve **meistring**.

I lovgrunnlaget er **tidleg innsats** nemnt i overskrifta. Det er avgjerande at elevar som treng spesiell oppfølging får den hjelpa dei har krav på så tidleg som mogleg i skulelø-

pet, slik at dei opplever meistring. Alternativet kan fort bli ytterlegare tilpassa opplæring i form av spesialundervisning. Tidleg innsats gjeld også når problem oppstår seinare i skuleløpet eller i vaksen alder.

Stortingsmelding 16, side 10:

- "Tidlig innsats må forstås både som innsats på et tidlig tidspunkt i barns liv, og tidlig inngripen når problemer oppstår eller avdekkes i førskolealder, i løpet av grunnopplæringen eller i voksen alder."

pet, slik at dei opplever meistring. Alternativet kan fort bli ytterlegare tilpassa opplæring i form av spesialundervisning. Tidleg innsats gjeld også når problem oppstår seinare i skuleløpet eller i vaksen alder.

Tilpassa opplæring handlar om både sosial og personleg utvikling og fagleg læring. Forsking visar ein sterk samanheng mellom elevane sin sosiale kompetanse og fagleg læringsutbytte i skulen. Arbeidet for å fremja ei personleg utvikling, identitet, positivt sjølvbilete og sosial dugleik er også ein viktig del av tilpassa opplæring.

## TRE OVERORDNA PRINSIPP FOR ALL OPPLÆRING – OGSÅ FOR TILPASSA OPPLÆRING!

### Tilpassa:

- alle har rett til opplæring i samsvar med evner og føresetnader
- gjeld også elevar med spesielt gode evner
- differensiering av metodar og innhald

### Likeverdig:

- godta den einskilde sin eigenart
- forståing og toleranse for skilnader
- kan medføra ulik tilrettelegging for ulike elevar

### Inkludering:

- delta og bidra i fagleg, kulturelt og sosialt fellesskap uavhengig av kjønn, sosial eller kulturell bakgrunn

### Krev:

- tilhørslse i klasse
- delaktighet av godar
- medansvar og plikter - NB!

## TO PERSPEKTIV PÅ TILPASSA OPPLÆRING

### Smalt perspektiv

Individualisering

- Individuelle tiltak, til dømes egne arbeidsplanar, læringsstilar, ansvar for eiga læring og liknande
- Kan vera svært krevjande for både elevar og lærarar
- Kan ofte vera segregierende tiltak som ekskluderer elevar frå det sosiale og faglege fellesskapet
- "Lærarar flest" fortolkar tilpassa opplæring i denne ramma

### Vidt perspektiv

Kollektivering

- Kollektiv ideologi
- Inkluderande sosial og fagleg deltaking for alle
- Krev samarbeidskultur med struktur og tydeleg undervisning

- Perspektivet gir betre resultat og er nok mindre arbeidskrevjande enn den smale tilnærminga
- Konklusjonen vår er at dette perspektivet bør brukast meir i tillegg til det smale. (Etter Nordahl 2011)

Peder Haug (referert i Høyland 2011) hevdar at personalet ved skulane må bli medvitne om tydinga av det vide perspektivet av tilpassa opplæring, og at dette er den einaste måten ein kan realisera kravet om tilpassa opplæring på. Å tru at ein kan individualisera opplæringa for alle elevar gjennom spesielle tiltak for kvar enkelt, er overtru, og vil berre vera mogleg der elevtalet er lite.

I Tysnesskulane bør det satsast på ei kompetanseheving som fremjar undervisning i tråd med det vide perspektivet.

## TILPASSA OPPLÆRING PÅ SKULENIVÅ:

### Skuleutvikling

#### - Aktiv skuleleiing

For å få til eit godt arbeid med tilpassa opplæring, må leiinga gå føra og visa vegen. Eit kollektivt fokus på tilpassa opplæring gir det beste resultatet.

#### - Kompetanseheving

Det er trong for kompetanseheving på området. Ikkje alle er trygge på kva tilpassa opplæring er.

#### - Utviklingsarbeid

Tilpassa opplæring bør vera eit satsingsområde på alle skular.

#### - Samarbeid om tilpassa opplæring

Lærnde skular nyttar kompetansen til lærarane for å oppnå utvikling på området. Det er viktig å samarbeida om planlegging, gjennomføring og vurdering av tilpassa opplæring. Leiinga må leggja til rette for godt samarbeid.

### Tilrettelegging:

#### - Ressurssituasjonen

Timar til gruppedeling er eit godt verktøy i arbeidet med tilpassa opplæring. NB! Den proksimale utviklingssona (Vygotsky)

#### - Tidleg innsats

Får elevar i «gråsona» tidleg hjelp, er det større sjanse for at dei opplever meistring og lukkast i skulen. Tidleg innsats gjeld både timerressursar og ei god tilpassa opplæring.

#### - Gruppestorleik og gruppesamansetjing

Gruppene må vera pedagogisk forsvarlege: Fleire faktorar må vurderast når gruppene skal setjast saman: t.d. talet på elevar, alder og talet på elevar med spesielle behov.

#### - Relevant utstyr

Klasseromma må ha utstyr til bruk ved tilpassa opplæring, t.d. konkretiseringsmidlar av ulike slag, og det må finnast nivådelte læremidlar og litteratur, lydbøker og høvelege dataprogram tilgjengelege.

#### - Fysiske rammer

Klasseromma må vera godkjende etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular» (arealnормene mm i rettleiaren til forskrifta). Grupperom bør vera tilgjengelege.

## TILPASSA OPPLÆRING PÅ KLASSENIVÅ:

### Læringsmiljøet:

- **Trygg klasseleiing** Sjå kapittel 2
- **Gode relasjonar** Sjå kapittel 2

### Samarbeid

#### - Elevdeltaking

Bli kjend med elevane og ta utgangspunkt i interessene deira. Her ligg mykje motivasjon.

#### - Vurdering

Vurdering og elevsamtalar er utgangspunktet for ei god tilpassa opplæring. Sjå kapittel 3.

#### - Samarbeid med føresette

Eit godt samarbeid er viktig for klasse- og læringsmiljøet.

#### - Samarbeid med kollegaer

Samarbeid om tilpassa opplæring i klassen vil føra til kompetanseheving blant personalet.

### Organisatorisk differensiering

#### - Klasse, gruppe, individuelt

Ved hjelp av elevvurdering og god planlegging kan delar av undervisninga gjevast som gruppe- eller individuell undervisning. NB! Mindre grupper skal ikkje vera permanente.

### Pedagogisk differensiering

#### - Variasjon i bruk av metodar

Elevar lærer på ulike måtar. Nokre likar individuelt

arbeid, medan andre lærer best ved å diskutera med andre. Det fins mange ulike metodar, og det er viktig å finna ein god balanse slik at flest mogleg får stetta sine behov.

#### - Ulike innfallsvinklar til lærestoffet

Bruk dei ulike sansane! Praktisk arbeid er ein gunstig innfallsvinkel for mange.

#### - Differensiering av lærestoffet

Her er det snakk om vanskegrad (nivå), mengde stoff og ulike oppgåvetypar. Elevane er ulike og treng ulike utfordringar.

#### - Bruk av nærmiljøet i læringsarbeidet

Mange elevar har vanskar med å sitja i ro i time etter time. Ver obs på å nytta nærmiljøet dersom det let seg gjera. Dette gir aktivitet og variasjon.

#### - Bruk av konkretiseringsmidlar

I klasseromma bør det vera eit utval konkretiseringsmidlar som lærarane kan ta i bruk i ulike fag. Dersom klasseromma blir nytta av det same klassesetnet kvar år, er det lurt å samla dei konkretiseringsmidlane som ein veit det blir bruk for gjennom året.

#### - Motivasjon og meistring er viktig!

Utnytt elevane sine interesser. Det skapar motivasjon og meistring.

## TILPASSA OPPLÆRING PÅ INDIVIDNIVÅ:

På dette nivået er det kort veg mellom tilpassa opplæring i ordinær undervisning og spesialundervisning. Mange av tiltaka kan difor nyttast også i spesialundervisninga.

### Ulike mål

#### - Tilpassa læringsmål til enkeltelevar

Det er viktig å ta utgangspunkt i dei fem ulike dugleikane. NB! Tidleg innsats. Enkeltelevar kan ha trong for at ein Tiltaksplan blir fylt ut, for å dokumentera tilpassinga.

#### - Personlege arbeidsplanar

Nokre få elevar kan ha trong for ein personleg arbeidsplan med mål, innhald og lekser som er ulik arbeidsplanen til klassen. Dette kan gjelda elevar med Individuell Opplæringsplan.

For elevar som ikkje har vedtak om spesialundervisning skal måla vera i tråd med læreplanverket.

### Tilpassing av lærestoff

#### - Tilpassa innhald

Enkeltelevar kan ha trong for tilpassa lærestoff/eit anna læreverk der dei kan arbeida i eit anna tempo eller på eit anna nivå enn klassen. Det kan vera snakk om svake elevar eller særleg flinke elevar.

### Pedagogisk differensiering

#### - Tilpassa arbeidsmåtar/metodar

Finn dei arbeidsmåtane som fungerer, og ver gjerne litt kreativ. Kanskje det er rollespel eller praktisk arbeid som er det rette?

#### - Varierte innfallsvinklar

Nytt alle sansane!

#### - Individuell motivasjon

Finn interessefelt og utnytt dei. Er det motiverande å få gjera noko kjekt etterpå, vil dei fleste gå med på å gjera noko dei opplever som meir keisamt først.

### Organisatorisk differensiering

#### - Varier læringsarenaene

Nytt ulike tilbod utanfor klasserommet, t.d. praktiske tilbod (Blå skule), uteskule, kjøken, praktiske oppgåver og bruk andre arenaer i nærmiljøet.

#### - Undervisning i gruppe eller individuelt

Ved hjelp av elevvurdering og god planlegging kan delar av undervisninga gjevast som gruppe- eller individuell undervisning. NB! Mindre grupper skal ikkje vera permanente. (Opplæringslova §8-2)





## EIN TEORETISK INN FALLSVINKEL MOT TILPASSA OPPLÆRING

Det fins mange ulike teoriar som omhandlar læring og tilpassa opplæring. Her er ein kort omtale av ein av dei:


### Sosiokulturell teori:

Lev Vygotsky (1896 – 1934) la fram teorien om at læring går føre seg i eit samspel med dei sosiale omgjevnadane, i skulestova eller i veneflokken. Læring kan difor oppfattast som ein sosial prosess.

Fordi utviklinga går frå det sosiale til det individuelle, er det slik at barnet er i stand til å utføra ei handling i samspel med andre før det greier å utføra den åleine. Den

vaksne blir difor ein medierande hjelpar for barnet. Mediering er såleis eit sentralt aspekt ved utviklinga. Dette har konsekvensar for omgrepet kompetanse, evner og kapasitet hos barnet. Spørsmålet er kva barnet kan greia åleine og kva barnet kan greia med støtte frå ein vaksen. Skilnaden mellom dei to «nivåa», kallar vi **den proksimale utviklingssona**.

(Gunn Imsen: *Elevenes verden*, 4. utg. Universitetsforlaget, s. 251)



### Vygotsky: Den proksimale utviklingssona

Andre teoretiske innfallsvinklar mot tilpassa opplæring:

#### Behaviourisme

- Bit for bit-strategi
- Straff og belønning (Skinner)

#### Konstruktivisme

- Å læra å læra (metakognisjon)
- Personleg kunnskapskognisjon (Piaget)

#### Sosiokulturelle teoriar

- Dialogisk samspel (Bakhtin)

#### Det økologiske perspektivet (Bronfenbrenner)

- Mikro-, meso-, ekso- og makrosystemer



## LES MEIR OM TILPASSA OPPLÆRING

Lenkjer: Udir: Tilpasset opplæring:

<http://www.udir.no/Lareplaner/Veiledninger-til-LK06/Veileder-fremmedsprak-cont/Undervisningsveiledning-til-lareplan-i-Fremmedsprak/Hoyremeny/Tilpasset-opplaring/>

St.meld. nr. 16 (2006-2007) ... og ingen sto igjen:

<http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20062007/016/PDFS/STM-200620070016000DDDPDFS.pdf>

Utdanningsdirektoratet: Kompetanse for tilpasset opplæring (artikkelsamling): [http://bestilling.utdanningsdirektoratet.no/Bestillingstorg/PDF/Kompetanse\\_for\\_tilpasset\\_opplaring.pdf](http://bestilling.utdanningsdirektoratet.no/Bestillingstorg/PDF/Kompetanse_for_tilpasset_opplaring.pdf)

Udir: Veiledning til lokalt arbeid med læreplaner, s. 22...

[http://www.udir.no/PageFiles/39293/veiledning\\_lokalt\\_arbeid\\_med\\_lareplaner\\_24.06.pdf](http://www.udir.no/PageFiles/39293/veiledning_lokalt_arbeid_med_lareplaner_24.06.pdf)

Døme på litteratur:

- Ekeberg og Holmberg: Tilpasset opplæring og spesialpedagogisk arbeid i skolen
- Bjørnsrud og Nilsen: Tidlig innsats Betre læring for alle?
- Repstad og Tallaksen: Variert undervisning – mer læring
- Om tilpassa opplæring: <http://lillegarden.wordpress.com/2012/03/13/hva-betyr-tilpasset-opplaering-anbefalt-litteratur/>

## KVA ER SKILNADEN MELLOM TILPASSA OPPLÆRING OG SPESIAL-UNDERVISNING?

**Tilpassa opplæring:**

Alle elevar har rett på tilpassa opplæring. All ordinær undervisning i klasseromma er tilpassa opplæring.

**Spesialundervisning:**

Når det er elevar som ikkje har tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet i klassen, har dei rett på spesialundervisning etter § 5-1 i Opplæringslova. Spesialundervisning er ei form for tilpassa opplæring som kan vera kvalitativt forskjellig frå vanleg undervisning.





## OVERSIKT OVER SPESIALUNDERVISNING

Skuleeigar sitt ansvar:	Lovgrunnlaget:	Sjå punkt:	Skjema:	Litteratur mm:
Skuleeigar har ansvar for å setja inn tilstrekkeleg med differensieringstiltak i den ordinære opplæringa.	Oppl.lov §5-1 F-04-13	5B-4		Spesial- undervisning - Veileder frå Udir
Skuleeigar må skaffa seg god oversikt over trongen for spesialundervisning	Oppl. lova § 8-2			
Skuleeigar gjer vedtak om spesialundervisning over seks veketimar (klokketimar) og delegerer til rektor å gjera vedtak på seks veketimar (klokketimar) og mindre.	Oppl. lova §5 §15-2 §5-3 Forvaltningsloven		Mal for vedtak	
Skuleleiar sitt ansvar:				
Skulen må vurdere eleven sitt utbyte av den ordinære opplæringa. Rektor er ansvarleg for at dette blir gjort.	Oppl.lov §5-1	5B-4		Spesialunder- visning - Veileder frå Udir
Rektor kallar inn og gjennomfører førtilmeldingsmøte dersom foreldre ynskjer tilmelding til PPT.	Oppl. lova §5-4	5B-4		
Rektor syter for at dei føresette les gjennom sakkunnig vurdering frå PPT før vedtak blir gjort.				
Rektor gjer eit vedtak på bakgrunn av sakkunnig vurdering dersom dei føresette ønskjer at eleven skal få spesialundervisning og etter søknad frå dei føresette. Vedtaket må vera i tråd med reglane i forvaltningslova.	Oppl. lova §5 §15-2 Forvaltningslova		Mal for vedtak	
Rektor gjer vedtak om spesialundervisning til og med seks veketimar (klokketimar).				
Rektor sender kopi av vedtaket til dei føresette og til kommunen				
Rektor planlegg spesialundervisninga i samarbeid med lærarane og syter for at det blir sett av fast tid til samarbeid.	Oppl.lov §5-1 §5-5	5B-9		
Rektor er ansvarleg for at det blir utarbeidd IOP og årsrapportar.	Oppl.lov §5-1 §5-5			
Rektor rapporterer til skuleeigar dersom han/ho meiner at det ikkje er sett av nok midlar til spesialundervisning.	Oppl.lov §13-10			
Lærarane sitt ansvar:				
Lærarane melder frå til rektor ved mistanke om at ein elev treng spesialundervisning.	Oppl.lov §5-4	5B-4		Spesialunder- visning - Veileder frå Udir
Kontaktlærar snakkar med dei føresette om trongen for spesialundervisning og ber om løyve til å kontakta PPT.	Oppl.lov §5-4			
Kontaktlærar fyller ut pedagogisk rapport saman med aktuelle faglærarar.		5B-4	Skjema for ped. rapport	



Kontaktlærer deltar på førtilmeldingsmøte.				
Dersom PPT tar saka, fyller kontaktlærer og føresette ut eit tilmeldingsskjema.			Skjema for tilmelding, PPT	
Kontaktlærer hjelper dei føresette med søknad om spesialundervisning.			Søknadsskjema	
Kontaktlærer, aktuelle faglærarar og dei føresette utarbeider ein IOP på bakgrunn av sakkunnig vurdering og vedtak om spesialundervisning.	Oppl.lov §5-1 §5-5			
Rektor og lærarane planlegg spesialundervisninga i samarbeid med heimen.	Oppl. lova §5-4			
Kontaktlærer har ansvaret for at det blir kalla inn til samarbeidsmøte minst ein gong i året.				
Kontaktlærer og aktuelle lærarar utarbeider ein årsrapport som skal sendast til skuleeigar og dei føresette.	Oppl.lov §5-5		Skjema for årsrapport	
<b>PPT sitt ansvar:</b>				
PPT deltar på førtilmeldingsmøte og tar avgjerd om å ta saka eller ikkje				Spesialundervisning - Veileder frå Udir
PPT gjer undersøkingar/testar og skriv ei sakkunnig vurdering som blir sendt føresette og skulen.	Forvaltningslova §17 §18 Oppl.lov §5			
PPT deltar på planleggingsmøte og gir råd og rettleiing.	Oppl.lov §13-10			



# 5: SPESIALUNDERVISNING

## SPESIALUNDERVISNING

Elevar som ikkje har tilstrekkeleg utbyte av den ordinære opplæringa har rett til spesialundervisning. Dette er ei meir omfattande form for tilpassa opplæring. Den kan

vera kvalitativt ulik frå den ordinære opplæringa med tanke på mål og innhald.

## DEFINISJON

Spesialundervisning kan definerast slik med utgangspunkt i opplæringslova §5-1:

*Når det er elevar som ikkje har tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet i klassen, har dei rett på spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova. Spesialundervisning er ei form for tilpassa opplæring som kan vera kvalitativt forskjellig frå vanleg undervisning.*

Kvaliteten på det ordinære opplæringstilbodet varierer, og det same gjeld kvaliteten på den tilpassa opplæringa.

Dette avgjer i kor stor grad det er trong for spesialundervisning eller ikkje.

Ved trong for spesialundervisning kan aktuelle elevar bli tatt ut av det ordinære opplæringstilbodet for større eller mindre delar av skuletida. Det vil seia at innhaldet i opplæringa vil i større eller mindre grad avvika frå fagplanane til klassen.

Elevar som har spesialundervisning skal ha ein individuell opplæringsplan (IOP) som viser mål, innhald, arbeidsmetode, hjelpemidlar og organisering.

## LOVGRUNNLAGET

Eleven sin rett til spesialundervisning er regulert i opplæringslova § 5. Paragraf 5-1 første ledd lyder:

*Elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning.*

Eleven sin rett etter § 5-1 første ledd er ein individuell rett. Dette inneber at dersom eleven oppfyller vilkåret for rett til spesialundervisning, har eleven krav på spesialundervisning. Skuleeigar er forplikta til å gje elevar

med rett til spesialundervisning eit forsvarlig opplæringstilbod slik at også desse elevene kan få eit tilfredsstillande utbyte av opplæringa.

I samband med vedtak om spesialundervisning og innhaldet i spesialundervisninga kjem ulike paragrafar i forvaltningslova inn: § 11a, §15-2 og §18

Dei føresette har mellom anna klagerett på vedtak om spesialundervisning.

## OM SPESIALUNDERVISNING

Eit godt læringsmiljø er ein viktig føresetnad for all læring, også spesialundervisning.

Elevar som har trong for spesialundervisning kan i mange tilfelle få den hjelpa dei treng innafor klassen sine rammer, med ekstra støtte. Det er viktig å oppretthalda fellesskapet og tilknytninga til klassen, difor bør det vera eit overordna mål å få mest mogleg av opplæringa i klassen.

Slik kan elevar med ulike læreveskar få optimale utfordringar, god støtte og oppleva meistring og tryggleik.

Spesialundervisning vil i verste fall kunna føra til stigmatisering og utstøytning av svake elevar. Nokre vil kunna oppfatta seg som taparar i klassen, noko som ikkje er positivt for læring. Dette er skadeleg og må takast svært alvorleg av personalet.

Målet for opplæringa må vera å utvikla faglege og menneskelege kvalitetar hos elevane og kvalifisera dei til eit framtidig utdannings- og yrkesliv. I dette arbeidet er det viktig å fokusera på faglege og sosiale utfordringar der realistiske mål, konkrete tiltak og gode rutinar inngår. Fleksibilitet i organiseringa og bruk av ulike yrkesgrupper

kan bidra til å gje elevar med ulike utfordringar eit optimalt opplæringstilbod.

Spesialundervisninga aukar utover i grunnskulen. Dette er ein trend som bør endrast. Tidleg innsats er eit viktig stikkord: Omfanget av spesialundervisning bør bli størst på dei første årsstega. (Stortingsmelding 18, 2010-11)

## FRAMGANGSMÅTE VED MISTANKE OM AT EIN ELEV IKKJE HAR TILFREDSSTILLANDE UTBYTE AV UNDERVISNINGA

- Dei føresette/skulen får mistanke om at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbyte av undervisninga.
- Elevsaka blir diskutert på teamet og deretter snakkar kontaktlærer/andre lærarar med rektor. (Opplæringslova §5-4: Plikt til å melda frå til rektor)
- Skulen må først vurdere utbyttet av opplæringa: Kartlegging, vurdering, justering og ev. utprøving av nye tiltak. Er tilrettelegginga god nok? (Sjå Rundskriv F-04-13: Plikt til å vurdere utbyttet av den ordinære opplæringa) (Opplæringslova §5-1)

*Om ein elev skal få spesialundervisning er derfor eit stykke på veg avhengig av kva kommunen har sett inn av organisatoriske og pedagogiske differensieringstiltak innanfor den ordinære opplæringa.*

(Utdrag frå Spesialundervisning, veileder frå Udir, kap. 5, 5.1 og 5.2)

- Skulen bestemmer seg for om eleven får tilfredsstillande utbyte av opplæringa eller ikkje.
  1. Dersom skulen etter at undersøkinga er gjennomført konkluderer med at eleven ikkje har trong for spesialundervisning etter § 5-1 første ledd, vil skulen si avgjerd vera eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2.
  2. Dersom skulen meiner at eleven treng spesialundervisning: Kontaktlærer snakkar med dei føresette. Saka blir lagt fram og kontaktlærer ber om løyve til å melda eleven opp til PPT.

Dersom dei føresette ikkje ynskjer å melda eleven opp til PPT, stoppar saka gjerne her. I graverande tilfelle kan skulen melda frå til Barnevernstenesta. Hugs møtereferat.

Dersom dei føresette godkjenner at eleven blir meldt opp til PPT, fyller kontaktlærer ut pedagogisk rapport i samarbeid med andre aktuelle lærarar.

- Rektor tar kontakt med PPT og avtalar eit førtilmeldingsmøte mellom PPT, leiinga, kontaktlærer og føresette. Saka blir lagt fram for PPT. PPT vurderer saka og gir tilbakemelding om dei tar saka eller ikkje. Hugs møte-referat. Foreldra/skulen kan likevel senda tilmelding dersom PPT ikkje tar saka og dei er usamde i avgjerda.
  - Dersom PPT tar saka, fyller føresette og skule ut tilmeldingsskjemaet og sender det til PPT. (Sjå vedlagde skjema for tilmelding og pedagogisk rapport.)
  - PPT gjennomfører ei sakkunnig vurdering og skriv ein sakkunnig rapport og tilråding.
  - Foreldra får hjelp av kontaktlærer til å skriva søknad om spesialundervisning.
  - Skuleeigar/rektor er ansvarleg for at eit vedtak om spesialundervisning blir fatta: Det kan vera positivt eller negativt.
  - Dersom vedtaket er positivt, blir det utarbeidd ein IOP i samarbeid med dei føresette, og undervisninga blir planlagt, gjennomført og evaluert.
  - Årsrapport med evaluering blir sendt dei føresette og skuleeigar.
  - Kopi av alle papira i saka skal inn i mappa til eleven.



## INNHALDET I SAKKUNNIG VURDERING FRÅ PPT

Den sakkunnige vurderinga har to hovudelement: utgreiing og tilråding. Den samla vurderinga skal vera skriftleg.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta standpunkt til:

- eleven sitt utbytte av det ordinære opplærings-tilbodet
- lærevanskar hjå eleven og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- realistiske opplæringsmål for eleven
- om ein kan hjelpe på dei vanskane eleven har innanfor det ordinære opplæringstilbodet
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod.

(Frå Spesialundervisning: Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og Spesialundervisning)

- Rapporten må vera klar og konkret, slik at det er tydeleg kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod:
  - Kompetansemål
  - Innhald i opplæringa med arbeidsfordeling mellom pedagog og assistent
  - Ekstra tilrettelegging i høve til rammefaktorane
  - Tilrettelegging av arbeidsmåtar
  - Særskilt tilrettelegging grunna evner og føresetnader
  - Evaluering
- Tilrådinga må ta utgangspunkt i opplæringslova §5-3 og innehalda følgjande punkt:
  - Realistiske opplæringsmål for eleven
  - Om eleven kan få hjelp innanfor det ordinære opplæringstilbodet
  - Kva for opplæring som vil gje eit forsvarleg opplæringstilbod.
  - Omfanget av eleven sitt behov i årstimar (klokketimar)
- Forsvarleg sakshandsamingstid
  - Saka skal handsamast «utan ugrunna opphald» (Forvaltningslova §11a)
  - Ikkje høve for PPT å innføra ventelister



## OM ENKELTVEDTAKET

Etter at PPT har sendt den sakkunnige vurderinga til skulen, er det opp til skuleeigar/rektor å vurdere og avgjera om eleven har rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova §5-1.

Før skuleeigar/rektor fattar vedtak om spesialundervisning, skal det koma ein søknad frå dei føresette.

Skuleeigar/rektor fattar deretter eit enkeltvedtak som må vera i samsvar med reglane i opplæringslova kapittel 5 og forvaltningslova samt ulovfesta prinsipp. Vedtaket kan vera positivt eller negativt.

Tysnes kommune ved oppvekstsjefen har delegert til rektor å gjera vedtak på inntil seks klokkeimar pr. veke. Oppvekstsjefen gjer vedtak utover seks klokkeimar. Vedtaka bør gjerast i samråd med rektor.

Enkeltvedtaket blir sendt til eleven og dei føresette med kopi til kommunen. Dei føresette har klagerett etter forvaltningslova. Vedtaket blir arkivert i elevmappa og lagt inn i SamPro.

Heile prosessen bør ta kortast mogleg tid. Dersom det går meir enn ein månad frå tilmelding til vedtak, må dei føresette få eit førebels svar. Svaret skal innehalda opplysningar om kvifor ting tar tid og anslå når saka blir ferdig handsama.

Vedtaket må vera skriftleg, individualisert og innehalda følgjande:

- Vedtaket skal visa til dei reglane vedtaket byggjer på. (opplæringslova §5)
- Vedtaket skal nemna dei faktiske forholda som vedtaket byggjer på. (Det kan vera nok å visa til den sakkunnige vurderinga)
- Vedtaket skal nemna viktige omsyn som har vore avgjerande ved utøvinga av skjønn etter forvaltningsloven. (forvaltningslova § 25 og opplæringslova §5-1) (Sjå veileder s. 75-76)
- Det må vera tydeleg kva som er eleven sitt behov og kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod.
- Vedtaket må seia noko om:
  - Innhald
  - Organisering
  - Omfang i årstimar (klokkeimar)
  - Kva tidsrom enkeltvedtaket gjeld for
- Ein kan også skriva at innhaldet i den sakkunnige vurderinga skal liggja til grunn, men då må vurderinga vera tilstrekkeleg klar og tydeleg.
- Dersom det blir gjort avvik frå den sakkunnige vurderinga, må det gå klart fram kva avviket består i, og det må vera tydeleg kva heile opplegget går ut på. Vedtaket må grunnjevast.
- Det må opplysast om klagerett og innsynsrett i saksdokumenta.



## OM INDIVIDUELL OPPLÆRINGSPLAN (IOP)

Alle elevar som får spesialundervisning skal ha ein IOP etter opplæringslova § 5-5. IOP-en skal bidra til å sikra at eleven får eit likeverdig og tilpassa opplæringstilbod.

På bakgrunn av den sakkunnige vurderinga og vedtaket om spesialundervisning utarbeider skulen ein IOP. Rektor har ansvaret for å leggja til rette for arbeidet slik at dei som arbeider med eleven utarbeider IOP-en i samarbeid. Eleven/dei føresette har rett til å ta del i samarbeidet. (opplæringslova §5-4)

IOP-en må utarbeidast straks enkeltvedtaket er fatta.

Ein IOP kan utarbeidast på mange ulike måtar, men det er viktig at han blir utforma slik at han er til praktisk hjelp for dei som skal undervisa eleven og at han er enkel å evaluera. Den bør vera kortfatta og praktisk. Detaljnivået er avhengig av eleven sitt behov. Elevar med store og omfattande vanskar har behov for ein meir omfattande plan.

Det er ikkje krav om foreldresamtykke før IOP-en blir tatt i bruk.

Ein IOP bør:

- Ha ei enkel form
- Vera lett å forstå

- Vera enkel å fylla ut
- Ha ei logisk oppbygging
- Visa heilskap og samanheng i eleven sitt opplæringstilbod
- Gje eit godt grunnlag for å evaluera opplæringa.

I følgje opplæringslova §5-5 skal ein IOP visa følgjande:

- Mål for opplæringa
- Måla må vera klare, realistiske og målbare
- Måla må vera i tråd med den sakkunnige vurderinga og enkeltvedtaket
- Måla kan setjast for ulike tidsperiodar: eitt skuleår ev. for eit kortare tidsrom
- Innhaldet i opplæringa
- Innhaldet må utformast på grunnlag av måla for opplæringa
  - Tiltak som ikkje er nemnde i enkeltvedtaket og den sakkunnige vurderinga kan ikkje takast inn i IOP-en.
- Korleis opplæringa skal gjennomførast
  - Organisering
  - Arbeidsmetodar/hjelpemidlar

## RUTINAR FOR UTARBEIDING AV IOP-AR

- IOP for inneverande skuleår må vurderast og ny IOP må utarbeidast av dei som arbeider med eleven, til utviklingssamtalen kvar haust. Kontaktlærar har ansvaret for at arbeidet blir gjort. IOP-samtalen med dei føresette skjer i samband med utviklingssamtalen.
- IOP-en blir vurdert og ev. justeringar blir gjort i samband med utviklingssamtalen kvar vår. Justeringane må ikkje avvika frå vedtaket og den sakkunnige rapporten. IOP-samtalen skjer i samband med

utviklingssamtalen.

- NB! For nye elevar med vedtak om spesialundervisning, må IOP utarbeidast straks etter at vedtaket er fatta.
- IOP-ane skal leggjast inn og vurderast i SamPro. Dei som arbeider med eleven, leiinga og dei føresette/ eleven har tilgang til IOP-en i SamPro.
- Kopi av ein årleg IOP med vurdering skal arkiverast i mappa til eleven.



## VURDERING

Kapitel 3 i Opplæringslova inneheld reglar for individuell vurdering i grunnskulen og vidaregåande opplæring. Det er fastsett særskilte reglar om moglege val knytte til karakterar og vitnemål for elevar som har IOP. Ein viser også til forskrift til opplæringslova §2-1 der det står:

*Skulen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei mål som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.*

Ut frå dette skal elevar med IOP ha den same vurderinga som dei andre elevane. Elevane skal ha ei fortløpande undervergsvurdering, samt elevsamtalar og utviklings-samtalar.

I tillegg er det krav om at skulen utarbeidar ein årsrapport for alle elevar som har spesialundervisning og IOP. (Opplæringslova § 5-5) Årsrapporten skal sendast kommunen og dei foresette ved skuleslutt kvart år.

Elevar som har IOP kan fritakast frå vurdering med karakter og eksamen. I forskrift til Opplæringslova kan vi lesa følgjande:

### **§ 3-20. Fritak frå vurdering med karakter for elevar med individuell opplæringsplan**

*Når ein elev i grunnskolen får opplæring etter individuell opplæringsplan, avgjer foreldra om eleven skal ha vurdering med eller utan karakter. I fag der det både gis skriftlege og munnlege karakter, kan foreldra også velje om eleven skal ha berre skriftleg eller munnleg karakter i faget. Dei som vel karakter i norsk skriftleg, kan velje karakter i den eine eller begge målformene. Valretten gjeld berre i fag som er omfatta av enkeltvedtaket om spesialundervisning. Skuleeigaren skal sørge for at eleven og foreldra i grunnskolen får nødvendig rettleiing om kva val av vurdering utan og med karakter inneber for eleven.*

### **§ 3-24. Fritak frå eksamen**

*Elevar som er fritekne for vurdering med karakter i fag som blir avslutta med eksamen, skal ikkje delta i eksamen i faget. I grunnskolen kan rektor sjølv etter søknad frå foreldra fritta elevar frå eksamen, når det ligg føre tungtvegande grunnar.*









## GJENNOMFØRING AV SPESIALUNDERVISNINGA

Rektor har hovudansvaret for å organisera og leggja hovudlinjene i spesialundervisninga til den enkelte eleven. Her er det snakk om oppretting av grupper, personale, arbeidsplass, særskilte tiltak og liknande, med bakgrunn i den sakkunnige vurderinga og i samarbeid med lærarane til eleven.

Med utgangspunkt i IOP-en bør det laga halvårsplanar. Nokre elevar kan nytta klassen sine planar med tilpassingar, medan andre treng egne.

I fag der spesialpedagogen er involvert, er det naturleg at spesialpedagogen tar ansvaret for å laga halvårsplanane. Ved tilrettelegging i fag er det faglæraren som bør ha ansvaret for å utarbeida ein tilpassa halvårsplan i samarbeid med spesialpedagogen og ev. assistenten.

Nokre elevar treng også egne arbeidsplanar/lekseplanar kvar veke. Dei som har ansvaret for faga bør leggja inn vekemåla og lærestoffet. Kontaktlæraren legg til rette for at arbeidet blir gjort. Det er spesialpedagogen og faglær-

arane som har ansvaret for elevar med spesialundervisning, og dei har eit ansvar for å rettleia assistenten og stå for innhaldet i timane dersom eleven er ute av klassen saman med assistent.

Kontaktlærar, spesialpedagog og assistent bør ha faste møte om lag kvar 14. dag, og dei føresette bør inviterast ved behov. Fast timeressurs til møta må vurderast.

Elevar som har spesialundervisning bør få vera mest mogleg i klassen. I nokre tilfelle høver det dårleg, og då treng eleven ein skjerma arbeidsstad ein annan stad. Dette bør vera ein fast stad som er utstyrt med dei hjelpemidla det er trong for.

Skulane har faste kontaktpersonar i PP-tenesta som har kontortid på skulane i Tysnes. Elevar med spesialundervisning bør ha minst eit samarbeidsmøte i året der skulen, dei føresette og kontaktpersonen frå PPT møtast for å drøfta ulike sider ved spesialundervisninga. Kontaktlærar har ansvaret for at møta blir gjennomførte.



## PROSEDYRAR VED OVERGANGAR

Overgangen mellom barnehage og skule og mellom ulike skular kan vera nokså krevjande og vanskeleg for barn med særlege behov. Her er det trong for eit godt samarbeid og god informasjon, slik at overgangen kan tilpassast barnet på ein best mogleg måte. Dei føresette må gje løyve til at barnehagen informerer skulen.

Følgjande prosedyrar bør følgjast:

- God informasjon må gjevast til rektor og ev. kontaktlærer på overføringsmøtet med godkjenning frå dei føresette.
- Dersom det er ansvarsgruppe rundt barnet, bør rektor eller ein annan representant frå mottakaraskulen delta på møta det siste året.
- I elevsaker der vi har elevar med svært spesielle/store behov, må skulen informerast på eit tidlegare tidspunkt, minimum 1,5 år før skulestart, slik at det blir nok tid til planlegging. (Sjå overgangsplanen)


Ved overgangen mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule er det også svært viktig med god informasjon. Kontaktlærer har hovudansvaret og må samarbeida med rådgjevar og leiinga ved skulen. Hugs samtykkeskjema!

Følgjande prosedyrar skal/bør følgjast:

- Elevar som har eit omfattande behov for spesialundervisning og som har eit særleg behov for inntak til eit bestemt utdanningsprogram, kan søkjast inn på fortrinnsrett med meldingsfrist 1. november og søknadsfrist 1. februar. (Sjå opplæringslova §6-15 og §6-17)
- Elevar som har rett til spesialundervisning og som manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, og elevar som av andre grunnar må behandlast individuelt, har rett til ei individuell behandling (Men: har ikkje fortrinnsrett.). Det må søkjast elektronisk for desse elevane med frist 1. februar, og det må også søkjast om spesialundervisning med frist 1. februar. (Sjå opplæringslova §6-15 og §6-17)
- Andre elevar som tidlegare har hatt spesialundervisning i ungdomsskulen, søkjer på vanleg måte 1. mars. Vidaregåande skule står for utgreiing, vurdering og tildeling av timar til spesialundervisning etter at eleven er begynt på skulen.

Det er viktig å informera den vidaregåande skulen godt, med samtykke frå dei føresette.

(Sjå [www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/inntak/Specialundervisning/](http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/inntak/Specialundervisning/) )



## SAMARBEID MED ANDRE

Spesialpedagogisk arbeid kan vera utfordrande, og då kan det vera godt å samarbeida med andre instansar. Ved samarbeid med andre instansar må ein alltid innhenta løyve frå dei føresette.

Det er i første rekkje PPT som er samarbeids-partnaren vår. Dersom det er trong for det, kan PPT hjelpa oss til å få kontakt med Habiliterings-tenesta og BUP.

- **Os PPT:** tlf. 56 57 50 00
- **BUP Stord og Kvinnherad** (Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk) Helse Fonna: tlf. 53 49 12 20 [post@helse-fonna.no](mailto:post@helse-fonna.no)
- **Habiliteringstenesta, barn,** Helse Fonna Haugesund: tlf. 52 73 46 00  
<http://www.helse-fonna.no/omoss/avdelinger/habilitering-barn-og-vaksne/Sider/habiliteringbarn.aspx>
- Skulehelsetenesta, Tysnes: Telefon: 53 43 70 86/ 53 43 70 87, Telefax: 53 43 70 81  
E-postadr.: [aslaug.singelstad@tysnes.kommune.no](mailto:aslaug.singelstad@tysnes.kommune.no)
- Statped vest: Tlf. 02196, E-post:[statped.vest@statped.no](mailto:statped.vest@statped.no)
- Barnevernet, Tysnes: Telefon: 53 43 70 60 / 53 04 56 36, Telefax: 53 43 70 61, E-postadr.: [sk@tysnes.kommune.no](mailto:sk@tysnes.kommune.no)
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge: tlf. 53 43 70 94 / 99 35 23 07  
[may.s.birkeland@tysnes.kommune.no](mailto:may.s.birkeland@tysnes.kommune.no)

## LES MEIR OM SPESIAL-UNDERVISNING

Utdanningsdirektoratet: **Spesialundervisning** - Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

[http://www.udir.no/Upload/Brosjyrer/5/Veiledn\\_Spesialundervisn\\_2009.pdf?epslanguage=no](http://www.udir.no/Upload/Brosjyrer/5/Veiledn_Spesialundervisn_2009.pdf?epslanguage=no)

Wilson m. fl. : Spesialundervisning i grunnskolen (Fagbokforlaget)







# 6. GRUNNLAGET FOR LÆRING I BARNEHAGEN

## BARNEHAGEN SITT FORMÅL

Barnehagelova §1:

*Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas trong for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

*Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskar-trong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og dugleikar. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.*

*Barnehagen skal bidra til trivnad og glede i leik og læring, og være ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap.*

### **Psyko-sosialt miljø:**

Trivnad og god psyko-sosial helse kan fremjast gjennom at barnet sine opplevingar har ein samanheng, og blir

opplevd som forståelege og føreseielege, prega av orden, struktur og har meining og verdi.

Miljøet er viktig når tiltak skal setjast i verk, ettersom psyko-sosial helse i stor grad blir påverka av barnet sitt tilhøve til omgjevnadane. Det er stor semje mellom gode oppvekstvilkår/pedagogiske miljø og gode førebyggjande og helsefremjande miljø.

Barnehagen skal støtte og ta omsyn til kvar enkelt barn, samstundes som ein skal ta omsyn til fellesskapet. Barnehagen skal sikre at barn som er under opplæringspliktig alder får eit oppvekstmiljø som er utfordrande og som er tilpassa alderen og funksjonsnivået til barnet.

Barnehagen skal styrkje høvet til læring og aktiv deltaking i eit fellesskap med jamaldringar.

## GODE RELASJONAR MELLOM BARN OG VAKSNE

Omsorg, leik, læring og danning er viktige omgrep i barnehagen. Ei føresetnad for dette er gode gjensidige samhandlingsprosessar mellom barn og vaksne. Dei vaksne er viktige rollemodellar for barna. Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske, men og i ein del tilrettelagte, strukturerte læringsaktivitetar som er tilpassa barnet sitt nivå.

Leiken er viktig for at barna skal trivast i barnehagen. Leik er ei grunnleggjande livs- og læringsform.

Barna skal få oppleve leik både som eigenverdi og som grunnlag for læring og utvikling. Personalet skal legge til rette for leik og læring i eit utfordrande miljø.

Omsorg er ein føresetnad for læring i barnehagen. Å skape tryggleik og å syne omsorg for barna, er personalet si viktigaste oppgåve. Dersom barna skal utvikle seg, trivast og lære noko, er relasjonane mellom barnet og dei vaksne viktige.



# 7: OBSERVASJON OG KARTLEGGING SOM UTGANGSPUNKT FOR UTVIKLING OG LÆRING

## KVIFOR OBSERVASJON OG KARTLEGGING?

Barna skal ha rett til utfordringar som er tilpassa alder og funksjonsnivå. Dette gjeld både språkleg, motoriske og sosiale dugleikar, og utfordringar som går på konsentrasjon og liknande.

For å få til dette, må barnehagen leggje til rette for gode observasjonar. Gjennom observasjon får ein verdifull informasjon som kan leggest til grunn for planlegging, tilrettelegging og gjennomføring av aktivitetar med ein-skildbarn og med heile barnegruppa.

Observasjon er viktig for å oppdage på eit tidleg tidspunkt om barnet har forseinka utvikling på ein-skilde område. Då kan barnehagen sette inn tiltak som kan føre til ei pos-

itiv utvikling for barnet. Det er og viktig med observasjon, for å finne ut om barn er kome langt i utviklinga. Desse kan trenge ekstra utfordringar for å trivast og fortsetje den positive utviklinga. Barnehagane skal med jamne mellomrom nytta ulike observasjonsmetodar for å oppdage barn som slit på ulike område.

Når det gjeld kartlegging, er det viktig å vera medvitne på kvifor og korleis personalet nyttar kartleggingsverktøy. Barnehagen skal ikkje kartlegge for å «setje barna i bås» eller liknande. Kartleggingsverktøy skal vera eit hjelpemiddel for personalet for å kunne gje mest mogleg hjelp og støtte til kvart ein-skild barn.

## KARTLEGGINGSVERKTØY SOM SKAL NYTTAST I BARNEHAGEN

Når det gjeld kartleggingsverktøy, nyttar barnehagane "Alle med" på kvart ein-skild barn. Dette er ei kartlegging som tek for seg alle område av barna si utvikling. Dersom det er barn som slit med språket, kan personalet i tillegg nytte «Tras» og «Askeladden». «Askeladden» blir og nytta som kartlegging på alle barna, året før dei byrjar på skulen. I tillegg nyttar me «Sats» som er ei språkkartlegging for 2 åringer, og «Språk 4» for 4 åringane.

Dersom observasjonar og kartleggingar syner at barnet har trong for mykje hjelp, eller hjelp barnehagen ikkje har kompetanse til å gje, skal styrar kontakte andre fagperso-

nar som spesialpedagog, logoped, fysioterapeut, eller andre.

Foreldra skal være informert om at barnehagen nyttar ulike kartleggingsverktøy. "Alle med" kan nyttast som utgangspunkt for foreldresamtalar. Dersom barnehagen skal dele ei otte med foreldre eller personar med fagkompetanse, er det viktig at personalet har eit grunnlag for det som blir sagt. Når personalet kan vise til observasjonar og kartleggingar, er det meir truverdige enn dersom ein berre "synser".

## OPPBEVARING AV KARTLEGGINGAR OG OBSERVASJONAR

Kartleggingar og observasjonar skal oppbevarast i mappa til barnet. Denne skal være innelåst i eit skap eller liknande.

Ved overgang til skulen skal informasjon om alle barna gjevast munnleg. Det er berre IOP, rapportar frå PPT og liknande som skal overførast til skulen. Det er viktig å gå nøye gjennom informasjon om dei barna som har ekstra utfordringar på ulike område, slik at skulen kjenner til utfordringane, og veit korleis me har jobba med dei.

## SKJEMA FOR KARTLEGGING SOM MÅ VÆRE I BARNEHAGEN

- Alle med
- Tras
- Sats 2
- Språk 4
- Askeladden
- Andre aktuelle observasjonsskjema





# 8. TILPASSA OPPLÆRING

## LOVGRUNNLAGET

### Barnehagelova § 2:

Barnehagen skal være ei pedagogisk verksemd

Barnehagen skal gje barn høve til leik, livsutfolding og meiningsfulle aktivitetar.

Barnehagen skal ta omsyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn.

Alle barn skal få oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barnas nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gje utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskapar og dugleikar.

Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd. Barn skal få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.

Barna sitt synspunkt skal tilleggast vekt i samsvar med alder og mognad.

## KVA ER TILPASSA OPPLÆRING?

Barnehagen driv ikkje med opplæring på same måte som skulen. Barn i barnehagen er under opplæringspliktig alder. Barnehagen skal likevel sikre barn under opplæringspliktig alder eit oppvekstmiljø som gjev utfordringar som er tilpassa alderen og funksjonsnivået til barnet.

Barna i barnehagen skal få grunnleggjande kunnskap og innsikt og utvikle dugleikar gjennom daglege hendingar i samvær, leik og strukturerte aktivitetar.

Barnehagen skal tilby barna eit rikt, variert, stimulerande og utfordrande læringsmiljø, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial og kulturell bakgrunn. Dette vil seie at omsorga og aktivitetstilbodet må tilpassast kvart einskild barn og den aktuelle barnegruppa.

Barn i barnehagen kan vera på svært ulike stader i utviklinga si, sjølv om dei er på same alder. Det er difor viktig å finne aktivitetar og utfordringar på deira eige nivå. Dette gjeld både for barn som slit på ulike områder i utviklinga si, men like mykje for barn som er kome langt i utviklinga på ulike område. Desse barna skal og ha utfordringar på sitt eige nivå.

Barnehagen skal både førebyggje forseinka utvikling hjå barna, og hjelpe dei dersom det oppstår problem i høve til utviklinga deira. I begge desse situasjonane er det viktig med tilpassa opplæring.

Alle barn skal, så tidleg som mogleg, inkluderast i gode leike og læreprosessar, slik at barnehagen kan avdekke så tidleg som mogleg dersom det er trong for ekstra innsats.

## DEI EVNERIKE BARN

Dei såkalla evnerike barna, er ei gruppe barn ein ikkje har vore særleg merksame på. Det har i den seinare tid blitt meir og meir fokus på denne gruppa. Det er barn som er på eit spesielt høgt intellektuelt nivå og som skårar høgt i IQ på evnetestar.

I barnehagen kan dette være barn som utviklar språket sitt svært tidleg, er tidleg med motorisk utvikling, lærer tidleg å lese og skrive, er svært sjølvstendige i aktivitetar og er ofte interesserte i spesielle emne/fenomen.

Barn som er svært intelligente kan i mange samanhengar kjenne seg annleis og utanfor. Dei kan slite fordi dei er på eit litt anna intellektuelt nivå enn jamaldringane. Samstundes kan dei vere umogne på andre område, som for eksempel sosialt eller fysisk. På grunn av stor intellektuell kapasitet, kan dei og forstå og tenkje mykje meir enn dei er mogne nok til å takle. Dette kan skape store frustrasjonar.

Dei evnerike barna treng utfordringar på sitt nivå i barnehagen. Dette må me leggje til rette for.

For desse barna blir og overgangen til skulen svært viktig. Dersom eit barn kan lese, skrive og rekne frå dei er 3 -4 år, så seier det seg sjølv at skulen kan bli svært keisam og umotiverande. Dersom dei ikkje får utfordringar og noko å strekkje seg etter, kan dei gje opp skulearbeidet, keie seg, og bli underytarar som ikkje får utnytte sitt læringspotensiale.

Me er plikta til å legge til rette for alle barn, dermed og barna som er i denne gruppa.

Det kan vere bra å ha ein matte-krok og ein språk-krok i barnehagen. Her må det være utstyr som dekker barna sine ulike behov. På desse områda kan dei sitje og jobbe med aktivitetar ut frå det nivået dei er på, og få utfordringar og meistringsopplevingar.

Når me deler barna i grupper kan det være nyttig å diskutere om me deler barna etter alder eller etter nivå, slik at alle får utfordringar og utvikling som passar til det nivået dei er på.

Me må syte for god informasjon i overgangen til skulen.



## TILPASSA OPPLÆRING I PRAKSIS

### SPRÅK

- Dagkalender
- Språkgrupper
- Logopedtrenoing
- Ein til ein trenoing
- Samlingsstunder
- Samtalar
- Snakke roleg, seint og tydeleg
- La barnet få tid til å svare
- Setje ord på ting rundt oss
- Gjenta orda rett når barnet har feil uttale
- Bravoleiken
- Snakkepakken
- Språkkista
- Nytte språkleiker frå språkplanen SOL
- Visualisere det me snakkar om
- Lese bøker, samtale etterpå
- Lesegrupper
- Setje ord på bilete i bøker
- Munnmotorisk trenoing
- Rim og regler
- Språkleiker
- Klappe rytme
- Språkspel
- Lotto
- Lage arbeidsbok i språkgruppene = samarbeid med heimen
- Ipad – ulike spel og oppgåver
- Ordkort
- Peikebøker for dei minste
- Dramatisering
- Song, song til bilete
- Sjå på barnet når me snakkar til det
- Godt samarbeid med foreldra

### MOTORIKK

- Røris / aerobic
- Motoriske øvingar frå fysioterapeut
- Trene på dei grunnleggjande rørsleane
- Hinderløyper
- Turn på madrassar
- Klatring ute
- Songleiker, rørsleleiker
- Jobbe med av- og påkledning
- Gå i skogen – ulent terreng
- Gje barnet hjelp til å prøve nye aktivitetar
- Fargelegging
- Teikning
- Perling, veving
- Fingerhekling
- Øve på koordinasjon, auge – hand
- Styrking av musklar
- Øve på blyantgrep
- Pinsettgrep
- Gymsal
- Ballaktivitetar
- Gje barnet meistringsopplevingar
- Aktivisere barna/spesielt ute
- Bravo
- ROS OG OPPMUNTRING

### KONSENTRASJON/ÅTFERD

- Dagkalender
- Sitje i lag med barnet under aktivitetar
- Gje tydelege beskjedar, gjenta
- Gje ein beskjed om gongen
- Førebu barnet på det som skal skje
- Ha ringeklokke, jobbe med ein aktivitet til klokka ringer
- Gjere ferdig ein aktivitet, men ikkje sitje for lenge, MEISTRING
- Påskjøning
- Blickontakt når me snakkar til barnet
- Spele spel, lese bøker, være med til ein er ferdig
- Leik i smågrupper
- Ta på arm/skulder for å få kontakt
- Seie: "sjå på meg"
- Ein til ein trenoing
- Øve på å halde konsentrasjon i gruppe
- Forklare i forkant kva me vil barnet skal gjere
- Samlingsstunder
- Finne ting barnet er oppteken av, øve konsentrasjon i høve dette
- Tydelege vaksne
- Klare grenser



SOSIALT	FRAMANDSPRÅKLEGE	EVNERIKE BARN
<ul style="list-style-type: none"> <li>● Hjelp barna inn i leik</li> <li>● Vaksen rettleiing i leik</li> <li>● Gjere barna til populære leikekameratar, vise andre kva dei klarer</li> <li>● Trene på kva barnet skal seie for å få bli med i leiken</li> <li>● Lære å tolke leikesignal</li> <li>● Lære å setje grenser for seg sjølv i leiken</li> <li>● Akseptere andre sine grenser i leiken</li> <li>● Sosial kompetanse samlingar kvar veke</li> <li>● Nytte sosial kompetanse samlingane til det me ser barna strevar med</li> <li>● Små leikegrupper</li> <li>● Ros og oppmuntring</li> <li>● Gjere ting barna meistarar</li> <li>● Dele barna inn i mindre grupper</li> <li>● Sjå barnet, vise at me likar å være saman med det</li> <li>● Skape tryggleik</li> <li>● Være tydelege vaksne</li> <li>● Være gode rollemodellar for barna</li> <li>● Bygge sjølvtilitt</li> <li>● Hjelp barnet å finne leikekameratar dei passar med</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Dagkalender</li> <li>● Språkgruppe</li> <li>● Ein til ein trening</li> <li>● Spel/oppgåver på Ipad</li> <li>● Nye ord med heim kvar månad (ev. frå snakkepakken)</li> <li>● Bruke språket, setje ord på ting rundt oss</li> <li>● Visualisering</li> <li>● Bravo</li> <li>● Snakkepakken</li> <li>● Lese bøker, samtale om det me les</li> <li>● Sjå på/setje ord på bilete i bøker</li> <li>● Bruke språket i alle situasjonar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>● Kartlegge kva for nivå dei er på, på ulike område</li> <li>● La dei få utfordringar i egne grupper</li> <li>● Gje dei utfordringar/meistringsopplevingar på det nivået dei er på</li> <li>● Bøker/spel/ ipad med meir avanserte emne/spel</li> <li>● Faktabøker</li> <li>● Lettlestbøker som dei kan lese sjølv</li> <li>● Løko og miniløko</li> <li>● Utfordringar på deira nivå i mattekrok og språkkrok</li> <li>● Talklossar og bokstavklossar</li> <li>● Utvida oppgåver i førskulegruppa</li> <li>● Være obs på sosiale og åtferdsmessige vanskar som kan ære knytte til desse barna</li> <li>● Bildekryss</li> <li>● Gje dei utfordringar der dei må engasjere seg for å meistre</li> <li>● Legge til rette for varierte aktivitetar</li> <li>● Leike med eldre barn</li> <li>● Nytte deira interesser og evner i høve alle barna, la dei fortelje/vise</li> <li>● Godt samarbeid med heimen</li> <li>● Ha materiell synleg i barnehagen</li> <li>● Lytte til barna</li> <li>● Bruke internett i lag med barna, finne svar</li> <li>● Sjå dei, og lytte til dei</li> <li>● Gje dei spanande oppgåver</li> </ul>





# 9. SPESIALPEDAGOGISK HJELP

Tidleg innsats er eit viktig omgrep når det gjeld utviklinga til barna. Tidleg innsats må ein forstå både som innsats på eit tidleg tidspunkt i eit barns liv, og som tidleg inngrep når det oppstår eller blir avdekket problem i førskulealder.

## OPPLÆRINGSLOVA § 5-7:

Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp. Hjelpa skal omfatte tilbod om forelderådgeving. Hjelpa kan knytast til barnehagar, skular, sosiale og medisinske institusjonar og liknande, eller organiserast som eige tiltak. Hjelpa kan og gjevast av den pedagogisk-psykologiske tenesta eller av ein annan sakkunnig instans. For spesialpedagogisk hjelp gjeld §5-4 andre og tredje leddet i lova. §5-5 andre leddet i lova gjeld og så langt det passar.

Retten til spesialpedagogisk hjelp skal vurderast på eit sjølvstendig grunnlag, uavhengig av den generelle tilrettelegginga i barnehagen. Dette inneber at vurderinga må gjerast ut frå barnet sitt behov for tilpassing, utbyte og likeverd, og ikkje av omsyn til barnehagen. Skiljelina mellom spesialpedagogiske tiltak og allmennpedagogisk hjelp må forståast i lys av om tiltaket er retta mot heile gruppa av barn, eller om tiltaket berre er retta mot barn som har eit særleg behov. Eit allmennpedagogisk tiltak vil være retta mot alle barn i barnehagen, men kan og ha

## SAKKUNNIG VURDERING:

Før det vert fatta eit einskildvedtak om spesialpedagogisk hjelp etter §5-7, skal det føreliggje ei sakkunnig vurdering av dei særlege behova til barnet. Vurderinga vil være knytt til kva slag spesialpedagogisk hjelp som vil gje barnet ei forsvarleg utvikling, ikkje ei forsvarleg opplæring som i skulen, då barn i barnehagen er under opplæringspliktig alder.

fokus på einskildbarn.

Tidleg innsats inneber konsentrert innsats på eit tidleg tidspunkt i eit barns liv. Når barnehagen oppdagar at eit barn slit med eit eller fleire delar av utviklinga si, for eksempel språkleg, motorisk, intellektuelt eller åtferdsmessig, skal personalet ta grep. Då er det viktig med observasjon og kartlegging, og eventuelt kontakt med andre instansar som BUP, PPT, helsestasjon, barnevernstenesta og fysioterapitenesta.

Det er inga grense for spesialpedagogisk hjelp. Dette gjeld anten dei går i barnehage eller ikkje.

Når det skal vurderast om barnet har eit særleg behov, er det ikkje nødvendig at barnet har ei diagnose. Det er i kva for grad barnet har eit behov for hjelp som er det avgjerande.

"Særleg behov": Vilåret for spesialpedagogisk hjelp er at barnet har eit særleg behov for spesialpedagogisk hjelp. Kva som er "særleg behov" er ei skjønsmessig vurdering.

I den sakkunnige vurderinga skal det mellom anna utgreiast og takast stilling til:

- Sein utvikling eller lærevanskar hjå barnet, og andre tilhøve som er viktige for barnet si utvikling
- Realistiske mål for barnet si utvikling
- Kva slag spesialpedagogisk hjelp som vil gje barnet ei forsvarleg utvikling

Omfanget skal gjevast opp i årstimar. Det er fritak frå foreldrebetaling i barnehagen for dei timane det blir gitt spesialpedagogisk hjelp.

## INNHALDET I DEN SPESIALPEDAGOGISKE HJELPA:

I enkeltvedtaket skal det stå noko om kva for tilbod om spesialpedagogisk hjelp barnet skal ha, og kva omfang tilbodet skal ha. Retten til spesialpedagogisk hjelp omfattar eit vidare spekter av hjelpetiltak enn spesialundervisning. Hjelpa kan for eksempel omfatte lekotekverksemd, trenings- og stimuleringsiltak og rettleiing til personalet i barnehagen. Det kan dreie seg om motorisk, språkleg og

intellektuell hjelp som er grunnleggjande for den seinare utviklinga til barnet. HOVUDFØREMÅLET MED HJELPA ER Å BIDRA TIL AT BARNET VERT BETRE RUSTA TIL Å BEGYNNE I GRUNNSKULEN. I utforminga av tilbodet skal foreldra takast med på råd. Hjelpa skal ALLTID INKLUDERE TILBOD OM FORELDRERETTELEIING

## BRUK AV ASSISTENT:

Etter ei konkret vurdering kan retten til spesialpedagogisk hjelp og oppfyllest ved bruk av assistent i tillegg til

pedagogressursen. Dette må i tilfelle fastsetjast i vedtaket.

## REGLAR FOR SPESIALPEDAGOGISK HJELP:

Bestemmingar i opplæringslova kap. 5 som gjeld for spesialpedagogisk hjelp:

- Det er krav om at foreldra skal samtykke før det blir gjennomført ei sakkyndig vurdering og at foreldra må samtykke i at barnet skal ha spesialpedagogisk hjelp (§5-4 andre ledd)
- Tilbodet skal så langt det er mogleg utformast i samarbeid med eleven og/eller foreldra (§5-4 tredje ledd). Deira syn skal leggjast stor vekt.

- Det skal utarbeidast årsvurderingar for barn som tek imot spesialpedagogisk hjelp (§5-5 andre ledd)
- Kommunen har ansvar for å fatte enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp, samt at det skal utarbeidast sakkyndig vurdering. PPT er sakkyndig (§5-3)

§5-5 første ledd gjeld ikkje for spesialpedagogisk hjelp. Det tyder at det ikkje er krav om individuell opplæringsplan (IOP). Det er fordi barn i barnehage ikkje har opplæringsplikt. Kommunen har likevel bestemt at barn som er meldte til PPT og har enkeltvedtak, skal inn i SAMPRO.



## FRAMGANGSMÅTE I EI SAK OM SPESIALPEDAGOGISK HJELP:

### Før tilmelding og utgreiing

- Barnehagen eller foreldra har ei bekymring. Diskuter denne bekymringa med styrar.
- Setje i gang med observasjonar og kartlegging i samråd med foreldra
- Fylle ut tiltaksplanar for kva me vil arbeide med
- Gjennomføre/prøve ut tiltak
- Vurdere tiltak og eventuell tilmelding til PPT
- Første kontakt med PPT kan gjerast munnleg
- PPT kan kome på inntil to førtilmeldingsmøte utan at barnet er tilmeldt. Vurderer tilmelding saman med barnehagen, eller om barnehagen skal jobbe vidare utan tilmelding

### Tilmelding til PPT

- Me fyller ut pedagogisk rapport
- Me fyller ut søknadskjema til PPT om sakkunnig vurdering
- Foreldra søkjer om sakkunnig vurdering i samarbeid med barnehagen
- Legg ved pedagogisk rapport og kartleggingar/observasjonar

### Sakkunnig vurdering av barnet sitt behov

- PPT gjennomfører ei sakkunnig vurdering som inneheld utredning og tilråding
- PPT har plikt til å rådføre seg med foreldra i arbeidet med å utforme tilbod om spesialpedagogisk hjelp, og skal legge stor vekt på deira synspunkt (§5-4 tredje ledd)
- Foreldra skal ha kunnskap om innhaldet i den sakkunnige vurderinga

### Vedtak

- Foreldre, i samarbeid med barnehagen, søkjer kommunen om spesialpedagogisk hjelp på eige skjema første gong det skal gjerast vedtak.

Sakkyndig rapport gjeld for eitt år, eller fram til skulestart. Ved nye vedtak ut frå sakkyndig rapport, er det ikkje nødvendig med ny søknad frå foreldra.

- Kommunen er ansvarleg for at det blir fatta enkeltvedtak. Enkeltvedtaket kan gje medhald i, eller avslag på kravet om at barnet har rett til spesialpedagogisk hjelp
- Foreldra har rett til å uttale seg før det blir fatta eit enkeltvedtak, og deira syn skal leggast stor vekt på. Retten til å uttale seg gjeld særleg ved avvik frå den sakkunnige vurderinga
- Hjelpa skal innehalde tilbod om foreldrerådgjeving
- Eventuell klage, blant anna dersom barnet ikkje blir gitt rett til spesialpedagogisk hjelp eller innhaldet i enkeltvedtaket kan ankast

### Planlegging og gjennomføring

- Hjelpa til barnet blir sett i gang i samsvar med enkeltvedtaket
- Det blir oppretta IOP i SAMPRO. Styrar har ansvar for at det blir oppretta IOP. Pedagogisk leiar skal i samarbeid med spesialpedagog/logoped sørge for å setje i gang arbeidet med, og følgje opp planen. Foreldra har rett til å sjå, og til å uttale seg om planen.
- Det skal haldast IOP – møte minimum to gonger i året. Møta skal haldast innan 1. november og 1. mars. Koordinator kallar inn til desse møta.

### Evaluering

- Spesialpedagog/logoped har ansvar for utarbeiding av årsrapport innan 10. juni.
- Styrar har ansvar for at årsrapporten vert sendt til foreldra, kommunen og PPT











Utgitt av Tysnes kommune, 2014  
Foto: Barnehagar og skuler i Tysnes kommune  
Grafisk design: Tysnes Grafisk v/Bladet Tysnes AS  
Forsidebilde: Shutterstock